

NR 2/2014

NOTAT

Lars Jørgen Vik

## **UNG I VOLDA OG ØRSTA 2003-2013**

Ei samanliknande undersøking om livsstil og psykisk helse mellom ungdom i Volda og Ørsta

Forfattar	Lars Jørgen Vik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

Ung i Volda og Ørsta 2003-2013.

Ei samanliknande undersøking om livsstil og psykisk helse mellom ungdom i Volda og Ørsta.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Innleiing

Denne rapporten inneheld informasjon om utviklinga på ein del sentrale livsområde for ungdomar i Volda og Ørsta i løpet av det siste tiåret. Det vert gjort ved å samanlikne resultatane frå to separate undersøkingar som vart gjennomførde i 2003 og 2013.

Som grunnlag for 2003-undersøkinga vart det teke utgangspunkt i eit landsomfattande prosjekt som forskingsinstituttet NOVA ([www.nova.no](http://www.nova.no)) hadde gjennomført året før "*Ung i Noreg 2002*". Ein stor del av dei spørsmåla som vart nytta i det sistnemnde prosjektet vart inkluderte i vår 2003-undersøking. Spørjeskjemaet vart utfyllt av elevar i 8., 9., 10. og 1. klasse på vidaregåande skule i slutten av mars 2003. Resultata frå denne undersøkinga er gjengitt i rapporten "*Ung i Volda og Ørsta 2003*". Rapporten kan lastast ned her: [http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb\\_143.pdf](http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_143.pdf). Midt-Norsk Kompetansesenter for rusfaget finansierte 2003-prosjektet.

Det andre delprosjektet som denne rapporten bygger på, vart gjennomført i 2013 og i byrjinga av 2014, og omfatta 14 kommunar i Møre og Romsdal, mellom anna Volda og Ørsta<sup>1</sup>. Det var det ovanfor nemnde forskingsinstituttet, NOVA, som var ansvarleg for opplegget og gjennomføringa av prosjektet, men tilsette i administrasjonen i kommunane og lærarar og andre tilsette på skulane gjorde det praktiske og konkrete arbeidet med tilrettelegging av undersøkingane og innsamling av data. I 2003-prosjektet skjedde datainnsamlinga ved at elevane fylte ut eit papirspørjeskjema i ein klassesstime. I 2013-prosjektet fylte elevane ut eit elektronisk spørjeskjema direkte på datamaskinar. Kommunane sjølve og Møre og Romsdal fylkeskommune finansierte 2013-prosjektet.

Med grunnlag i data frå dei kommunane på Sunnmøre som var med på 2013-prosjektet vart det i 2014 utarbeidd ein særskilt rapport "*Ung på Sunnmøre*". Denne omfatta data frå desse kommunane: Giske, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. <http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=3d416be12c825feb258018db4a0e53d8>. Nokre av spørsmåla i 2003- og 2013-undersøkinga var så like at det går an å samanlikne svarene som elevane ga på desse to tidspunkta, og det er dette som er grunnlaget for denne rapporten.

---

<sup>1</sup> Denne undersøkinga var ein del av eit svært omfattande prosjektilbod til norske kommunar som går under namnet "Ungdata". Meir informasjon om dette kan ein finne på nettsida [www.ungdata.no](http://www.ungdata.no).


Berit Koen, Ingvild Endal, Arne Gotteberg og Johann Roppen har gjeve hjelpsame og konstruktive kommentarer til tidlegare versjonar av denne rapporten.

## Bakgrunnsinformasjon

I 2003 var det 949 elevar som fylte ut skjemaet, i 2013 var det 939.

I dei to delundersøkingane var svarprosentane på skulane i dei to kommunane mellom 85 og 93. I hovudsak skuldast fråfallet dataproblem og fråver. Det var også nokre få som ikkje ville vere med på undersøkinga.

Figuren nedanfor viser den prosentvise fordelinga av respondentane etter klasstrinn i 2003 og 2013.



Figur 1. Fordeling av respondentane etter klasstrinn. Absolutte tal.

Vi ser at det var svært liten skilnad på dei samla tala på respondentar på dei to tidspunkta, men fordelinga på klasstrinn var litt annleis. Medan andelen av elevar på vidaregåande skule i 2003 var på 28 prosent i 2003, var han på 31 prosent i 2013.

I 2003 budde 46 prosent av elevane i Volda og 54 prosent i Ørsta. I 2013 var tala slik: 51 prosent i Volda og 49 prosent i Ørsta. 52 prosent var gutar og 48 prosent jenter i 2003. I 2013 var det 51 prosent gutar og 49 prosent jenter.

Tabellen nedanfor gir eit innblikk i utdanningsnivået til foreldra til respondentane. Tabellen framstiller den prosentvise andelen av mødrene og fedrane som hadde høgare utdanning i 2003 og 2013.


Tabell 1. Foreldra si utdanning. Prosentvise andelar med høgare utdanning.

	Ørsta 2003	Ørsta 2013	Volda 2003	Volda 2013
Far	29	28	42	42
Mor	28	41	36	53

Av tabellen kan vi sjå at både fedrane og mødrene til dei av respondentane som budde i Volda hadde noko høgare utdanning enn dei som budde i Ørsta. Vi ser også at det var stor stabilitet når det gjeld fedrane sitt utdanningsnivå frå 2003 til 2013. Det gjeld både for Ørsta og Volda. Men for mødrene var det store skilnader. Andelen mødre med høgare utdanning auka sterkt i løpet av perioden. Auken var på 13 prosentpoeng for ørstamødrene sitt vedkomande og heile 17 prosentpoeng for voldamødrene.

## Skule og utdanning

Både i 2003 og i 2013 vart elevane spurde om kor lang tid dei bruker på heimearbeidet sitt. Figuren nedanfor gjengir svarfordelinga på dette spørsmålet.



Figur 2. Tid brukt til lekselesing. Prosentvis andel som fell innanfor dei ulike alternativa.

Figuren viser at det var små endringar frå 2003 til 2013 når det gjeld tidsforbruk for lekser.

## Psykisk helse

Både 2003- og 2013-spørjeskjemaet spurde vi om kven elevane går til dersom dei har personlege problem. Spørsmålet i 2003-skjemaet var slik *"Tenk deg at du har eit personleg problem. Du kjenner deg utafør og trist og treng nokon å snakke med. Kven av desse personane ville du snakka med eller søkt hjelp hos?"* I 2003 vart respondentane bedne om å krysse av for *"Ja"*, *"Usikker"* eller *"Nei"* for kvar av dei personkategoriane som er oppførde i tabellen nedanfor. I 2013-skjemaet var dette svaralternativa: *"Ja, sikkert"*, *"Ja, nokre gonger"* og *"Nei, aldri"*.

Tala i tabellen gir uttrykk for den prosentvise andelen som kryssa av for *"Ja"/"Ja, sikkert"*.

Tabell 2. Kven ein går til med personlege problem etter kjønn. Prosentvis andel.

	2003		2013	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
Mor	55	56	51	52
Far	47	24	39	24
Sysken	26	32	20	23
Venane mine (ven/veninne) <i>Ein god venn<sup>1</sup></i>	52	84	42	72
Ein lærar eller andre som jobbar på skulen <i>Ein lærar eller andre vaksne på skulen</i>	8	6	8	6

Tabellen viser at det er ein om lag like stor andel av gutane som av jentene som kryssar av for *"mor"* (55 mot 56 prosent i 2003 og 51 mot 52 prosent i 2013), og at det er ein mykje større andel av gutane som kryssar av for *"far"* enn av jentene. Vidare ser vi at det er ein langt høgare andel av jentene enn av gutane som kryssar av for *"vennene mine"* (84 mot 52 prosent i 2003 og 42 mot 72 prosent i 2013).

---

<sup>1</sup> Spørsmålssformuleringa her i tabellen som står med normal skrift gjengir 2003-versjonen av spørsmålet. Kursiv skrift representerer teksten i 2013-versjonen.

Tabellen nedanfor handlar om psykiske problem og plager som ein kan ha. Spørsmålstillinga som tabellen bygger på var slik: "No følgjer ei liste over forskjellige plager og problem som ein av og til kan ha. Har du **den siste veka** ikkje vore plaga, vore litt plaga, ganske mykje plaga eller veldig mykje plaga av noko av dette?" I tabellen har vi lista opp prosentandelane for dei som kryssa av for "Nokså mykje plaga"/"Veldig mykje plaga", og vi analyserer dette i høve til kjønn.

Tabell 3. I kor stor grad har du opplevd slike problem? Prosentvis andel.

	2003		2013	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
Kjent at alt er eit slit	19	29	19	35
Hatt søvnproblem	14	20	17	25
Kjent deg ulykkeleg, trist eller deprimert	10	23	9	28
Kjent håpløyse med tanke på framtida	11	19	9	19
Kjent deg stiv eller spent	17	27	16	37
Uroa deg for mykje over ting	20	33	14	46


Tendensen i denne tabellen er eintydig: Problem av den typen som er nemnde i denne tabellen er langt meir utbreidde mellom jentene enn mellom gutane. Vi ser vidare at desse opplevde problema ikkje har vorte større frå 2003 til 2013 for gutane. Men for jentene ser vi at situasjonen er heilt annleis. På alle dimensjonane ovanfor, bortsett frå "Kjent håpløyse med tanke på framtida" som er uendra, har problema mellom jentene blitt større.

For å få til eit samlande uttrykk for innhaldet i tabellen ovanfor, har vi laga til ein indeks, eller "samlevariabel", som vi kallar "psykisk helse". Dei som har kryssa av for "Ikkje plaga i det heile tatt" på alle seks dimensjonane i tabellen kjem i kategorien "God psykisk helse". Dei som har kryssa av for eitt eller to av dei elementa som er nemnde i tabellen kjem i "Middels psykisk helse". Den tredje verdien på denne variabelen kallar vi "Dårleg psykisk helse" og omfattar dei som kryssa av for "Nokså/ganske<sup>1</sup> mykje plaga" eller "Veldig mykje plaga" på 3 eller fleire av elementa i tabellen ovanfor. I dei to


---

<sup>1</sup> "Nokså" var formuleringa i 2003-skjemaet. "Ganske" var formuleringa i 2013-skjemaet.

tabellane nedanfor framstiller vi kommunevis den prosentvise andelen av gutane og jentene som kom i kategorien "Dårleg psykisk helse" i 2003 og 2013.




Figur 3 Psykisk helse. Volda. Prosentvise andelar etter kjønn i kategorien "Dårleg psykisk helse".



Figur 4 Psykisk helse. Ørsta. Prosentvise andelar etter kjønn i kategorien "Dårleg psykisk helse".

Vi ser av figurane at voldaelevane kom dårlegare ut enn ørstaelevane både i 2003 og 2013 på variabelen "psykisk helse", og det gjeld både for gutar og jenter. Jentene hadde klart dårlegare psykisk helse enn gutane på begge tidspunkta. Vi ser også at den psykiske helsa, målt med denne variabelen, var stabil for gutane sitt vedkomande frå 2003 til 2013, men det var heilt annleis for jentene sin del: Både vold- og ørstajentene si psykiske helse vart forverra i løpet av den same tidsperioden

I figuren nedanfor framstiller vi korleis den psykiske helsa varierer etter klassetrinn. Figuren viser kor stor prosentvis andel det er som kjem i kategorien "God psykisk helse" i 2003 og 2013.



Figur 5. "God psykisk helse" etter klassetrinn. Prosentvis fordeling.



Av figuren går det fram at den psykiske helsa mellom elevane vert redusert oppover på klassetrinna, med 19 prosentpoeng frå 8. klasse til 1. klasse på vidaregåande skule i 2003, målt med andelen som kom i kategorien "God psykisk helse". I 2013 hadde denne skilnaden auka til 28 prosentpoeng.

Vi har også undersøkt om foreldras utdanningsnivå har noko å seie for deira borns psykiske helse, men vi fann ingen slik samanheng.

Eit sentralt aspekt ved omgrepet "psykisk helse" er kor fredelege, eventuelt ufredelege, relasjonane til andre menneske er, og vi spurde om dette både i 2003 og 2013. Det gjorde vi ved å be elevane svare på kor ofte dei i løpet av dei siste 12 månadene hadde vorte utsett for dei situasjonane som er sette opp i tabellen nedanfor. I tabellen har vi tatt med prosenttala for dei som svarta at dei hadde vorte utsett for den aktuelle hendinga ein eller fleire gonger.

*Tabell 4. Har du dei siste 12 månadene opplevd vald eller truslar om vald? Prosentvis fordeling.*

	Ørsta		Volda	
	2003	2013	2003	2013
Truslar om vald (så du blei redd)	10	12	11	8
Blitt slått utan å få synlege merke	19	14	24	14
Vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp	8	7	14	7
Blitt så skada at du trengte legehjelp	9	3	6	1

På alle dei tre sistnemnde dimensjonane i tabellen ovanfor ser vi at det var ein lågare andel som hadde opplevd vald eller truslar om vald i 2013 enn i 2003, og det er tilfelle både for Ørsta og Volda sin del. På den førstnemnde dimensjonen, "Truslar om vald" var ikkje utviklinga så eintydig.

## **Fritid og fritidsinteresser**

Eitt av føremåla med både 2003- og 2013-undersøkinga var å framskaffe informasjon som kunne nyttast som planleggingsgrunnlag for tiltak for ungdom, spesielt med tanke på fritidstilbod. I denne samanheng var det naturleg å spørje om fritidsinteresser reint generelt, og om medlemsskap i foreiningar og lag meir spesielt.

Når ein skal kartlegge bruk av fritid er det naturleg å dele dette i to, organisert og uorganisert bruk. Spørsmåla som går på organisert fritid var så ulikt utforma i 2003 og 2013 at dei ikkje lar seg samanlikne. Men ein del spørsmål som gjekk på uorganisert bruk av fritid var like på dei to tidspunkta, dei som er førde opp i tabellen nedanfor. Respondentane vart bedne om å skrive opp i skjemaet kor mange gonger dei i løpet av siste veke hadde gjort noko av det som er nemnt i tabellen. Tala i kolonnen til høgre summerer opp kor stor prosentvis andel som hadde gjort dette minst ein gong i løpet av det nemnde tidsrommet i 2003 og 2013.

Tabell 5. Fritidsaktivitetar siste veke. Prosentvis andel som hadde gjort dette.

Aktivitetstype	2003	2013
Gjort noko saman med mor eller far (drive med hobby, trening, el. likn.)	42	63
Brukt størstedelen av kvelden ute saman med vener/kameratar	76	70
Shoppa (vore i butikkar og kanskje kjøpt noko)	60	72
Hjelp til heime (vaska, måka snø, rydda osv.)	78	89
Vore heime aleine, eller saman med mor, far eller sysken heile kvelden	77	93
Stått og hengt på eit gatehjørne, utanfor ein kiosk, på bensinstasjon el. likn.	25	38
Spela på speleautomat (med pengepremie)	18	4

Med grunnlag i innhaldet i tabellen kan det sjå ut som om ungdomane i 2013 var meir heime om kveldane enn i 2003, og at dei hjalp til meir i heimen.

I 2003 vart respondentane bedne om å ta standpunkt til dette spørsmålet: *"Foreldra mine veit temmeleg godt kven eg er saman med i fritida."* 45 prosent kryssa av for svaralternativet *"Stemmer heilt"*. I 2013 fekk dei det same spørsmålet, men med ein litt annan ordlyd på utsagnet og på svaralternativa (*"Foreldra mine bruker å vite kor eg er, og kven eg er saman med på fritida"*). Då var det 50 prosent som kryssa av for *"Høver svært godt"*. Eit anna utsagn som elevane fekk presentert i 2003 lydde slik: *"Eg prøver å halde mesteparten av fritida mi skjult for foreldra mine"*. 36 prosent av elevane kryssa då av for svaralternativet *"Stemmer ikkje i det heile tatt"*. Den same formuleringa vart nytta i eit spørsmål i 2013. Då kryssa 50 prosent av elevane av for svaralternativet *"Stemmer ikkje i det heile tatt"*. Vi finn det rimeleg å tolke dette som indikasjonar på at elevane har eit betre forhold til foreldra sine i 2013 enn i 2003.

## Tobakk

I 2003 var det 49 elevar i Volda og 37 i Ørsta som røykte dagleg, samla sett 9 prosent av respondentane. I 2013 var det 1 elev i Volda og 15 i Ørsta som røykte, 2 prosent av ungdomane sett under eitt.

I 2003 var det 21 elevar i Volda og 17 i Ørsta som kryssa av for svaralternativet "*Bruker snus fast*". I 2013 kryssa 6 voldaelevar og 25 ørstaelevar av for alternativet "*Snuser dagleg*". I 2003 svara 67 prosent av både volda- og ørstarespondentane at dei aldri hadde brukt snus. I 2013 svara 90 prosent av voldaelevane og 80 prosent av ørstaelevane at dei aldri hadde snusa.

Ein kan på grunnlag av dette slå fast at det har blitt mindre vanleg å røyke både mellom volda- og ørstaelevane frå 2003 til 2013. Når det gjeld snusing er utviklinga ikkje fullt så eintydig. Mellom voldaelevane er det færre som snusar ofte i 2013 enn i 2003, men fleire mellom ørstaelevane, men i begge respondentgruppene var det i 2013 ein klart større andel som aldri hadde snusa.

## Alkohol

I 2003 stilte vi dette spørsmålet "*Har du nokon gong drukke alkohol (dvs. meir enn eit par slurkar)?*" 47 prosent svara at dei ikkje hadde det. I 2013 stilte vi eit liknande spørsmål, "*Hender det at du drikk nokon form for alkohol?*" 56 prosent svara "*Aldri*" på dette. Det var ingen nemneverdig skilnad på gutar og jenter, korkje i 2003 eller 2013. Sjølv om spørsmåla i 2003 og 2013 hadde noko ulik ordlyd, er meiningsinnhalda så like at dei etter vår meining direkte kan relaterast til kvarandre, og då blir konklusjonen denne: Det er ein større andel avholdsfolk mellom 2013-respondentane enn mellom 2003-respondentane.

Både i 2003 og i 2013 spurde vi elevane om foreldra deira drakk alkohol, og kor ofte dei gjorde det. Svara på spørsmålet er summert opp i tabellen nedanfor.

---

<sup>1</sup> Sjølv om svaralternativa var litt ulike i 2003- og 2013-undersøkinga, er ikkje skilnaden så stor at resultatata i desse to undersøkingane ikkje er samanliknbar på dette punktet.

Tabell 6. Foreldras drikkevanar. Prosentvis fordeling.

	2003		2013	
	Far	Mor	Far	Mor
Ein eller fleire gonger i veka	34	25	31	21
Ein sjeldan gong	50	54	47	49
Aldri	16	22	22	30
	100	101	100	100

Av tabellen ser vi at fråhaldsprosenten for både mødrene og fedrane til respondentane våre auka frå 2003 til 2013. I denne samanhengen er det viktig å vere merksam på at dette ikkje treng å vere eit uttrykk for alkoholforbruket i Volda og Ørsta, for det kan tenkast at dei som ikkje er fråhaldsfolk no drikk meir enn dei gjorde før.<sup>1</sup>

## Cannabis

I 2003 hadde 14 prosent av respondentane fått tilbod om kjøp av cannabis, dvs marihuana eller hasj. I 2013 var det 6 prosent, 54 elevar, som hadde fått slikt tilbod. 34 av desse var frå Ørsta og 20 frå Volda. 35 av desse var gutar og 19 jenter.

Det viser seg at den psykiske helsa til dei respondentane som ikkje hadde blitt bodne marihuana eller hasj er klart betre enn dei som hadde blitt det. Berre 18 prosent av dei som tilhøyrer den førstnemnde gruppa kjem i kategorien *"Dårleg psykisk helse"*, medan heile 48 prosent av dei som hadde blitt bodne cannabis kjem i denne kategorien.

## Problemåtferd

Både i 2003 og 2013 vart det stilt ei rekkje spørsmål om det vi med eit stikkord kan kalle problemåtferd. Spørsmålet var slik: *"Har du vore med på eller gjort noko av dette det siste året – dei siste 12 månadene?"* Svara er summerte opp i tabellen nedanfor. Kolonnen til høgre i tabellen gir uttrykk for kor stor prosentvis andel av ungdomane som har vore involvert ein eller fleire gonger i dei aktivitetane som er lista opp.

---

<sup>1</sup> På nasjonalt nivå har alkoholforbruket auka 40 prosent dei siste 20 åra. Folkehelse rapporten 2014: [http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content\\_7242&Main\\_6157=7239:0:25,8904&MainContent\\_7239=7242:0:25,8907&Content\\_7242=7244:110521::0:7243:1::0:0](http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content_7242&Main_6157=7239:0:25,8904&MainContent_7239=7242:0:25,8907&Content_7242=7244:110521::0:7243:1::0:0)

Tabell 7. Problemåttferd. Prosentvis andel.

Handling	2003	2013
Hatt ein kraftig krangel med ein lærar	33	10
Blitt sendt ut av klasserommet	24	13
Stole pengar eller ting frå nokon i familien din	27	15
Teke saker til ein verdi av mindre enn 500 kr frå butikk eller kiosk utan å betale	9	6
Med vilje øydelagt eller knust vindaugsruter, bussete, telefonkioskar, postkasser eller liknande	12	6
Lurt deg frå å betale på kino, buss, tog eller liknande	34	15
Vore borte ei heil natt utan at foreldra dine visste kvar du var, eller at du sa at du var ein annan stad enn der du verkeleg var	23	12
Vore i slåsskamp der du har brukt våpen (for eksempel kniv)	2	1
Vore i kontakt med politiet på grunn av noko ulovleg du har gjort	7	4
Brote deg inn for å stele noko	3	1
Klort eller lugga nokon	35	25
Drukke så mykje at du har følt deg tydeleg rusa	36	16
Drukke heimebrent eller smuglarsprit	25	10
Sniffa	4	8

Av tabellen går det fram at det i 13 av dei 14 åtferdstypane som er lista opp har skjedd ein markert reduksjon. Det einaste unntaket er den sistnemnde variabelen, "sniffing".

## Kva kan gjerast?

NOVA, som gjennomfører dei nasjonale ungdomsundersøkingane, har publisert resultatane for 2013-undersøkingane. Rapporten baserer seg på utfylte elektroniske spørjeskjema frå 78000 ungdomsskuleelever og elevar i første klasse på vidaregåande skule frå 150 kommunar. I rapporten vert funna frå 2013 samanlikna med tilsvarande tal frå undersøkinga i 2010.

I rapporten kan vi lese mellom anna dette:

*På flere områder viser rapporten positive utviklingstrekk over tid: omfanget av ungdomskriminalitet, rus og vold blir stadig mindre, færre unge skulker skolen, og flere er fornøyd med foreldrene sine. Ett område gir derimot særlig grunn til bekymring. Et økende antall ungdommer - og da først og fremst jenter - rapporterer om psykiske helseplager i hverdagen.<sup>1</sup>*

NOVAS funn, slik desse er samanfatta i sitatet ovanfor, er basert på samanlikningstal for ein treårsperiode. Våre funn, slik desse er gjengjevne i denne rapporten, har sitt grunnlag i data som spenner seg over eit langt lengre tidsrom, ti år. Det er heilt ut samantfall mellom våre konklusjonar og dei NOVA legg fram i sin rapport, og dette samantfallet styrker tilliten til at funna våre representerer faktiske forhold og omstende.

Etter som våre funn frå Ørsta og Volda er samantfallande med utviklingstrekk på nasjonalt nivå, er det rimeleg å tenkje seg at vi her står overfor generelle og til dels djuptgåande kulturelle og sosiale utviklingstrekk. Det er nærliggande å tenkje seg at sterk idealisering og marknadsføring av til dels usunne kroppsideal kan vere ei av fleire drivkrefter for denne uheldige utviklinga. Vi meiner at det burde vere ei sentral oppgåve for det politiske systemet, både på sentralt og lokalt nivå, å gjere noko med dette. I denne samanheng vil vi spesielt rette merksemda mot det vi har skrive ovanfor om dei unge jentene si psykiske helse. På lokalt nivå trur vi at mykje kan gjerast ved å styrke dei førebyggjande helse- og sosialtenestene i skuleverket.

---

<sup>1</sup> Rapporten kan lastast ned frå denne nettstaden: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2014/Ungdata.-Nasjonale-resultater-2013>

## Oppsummering

- Informasjonen i denne rapporten baserer seg på to undersøkingar mellom ungdomar i Volda og Ørsta, den eine vart gjennomført i 2003, den andre i 2013.
- Utdanningsnivået for respondentane sine fedre har vore stabilt i tidsrommet 2003 – 2013. Mødrene sitt utdanningsnivå har vorte markert forbetra.
- Det har ikkje vore noko endring i tidsforbruk til leksearbeid i perioden.
- Den psykiske helsa til ørstaelevane er betre enn den psykiske helsa til voldaelevane.
- I 2003 var den psykiske helsa til jentene klart dårlegare enn til gutane.
- Frå 2003 til 2013 har den psykiske helsa til jentene blitt endå dårlegare. For gutane har ho vore stabil.
- Frå 8. klasse til 1. klasse vidaregåande opplever elevane ei svekking av den psykiske helsa si.
- Det er ingen samanheng mellom foreldras utdanningsnivå og deira borns psykiske helse.
- Det var ein klart lågare andel som hadde opplevd vald eller truslar om vald i 2013 enn i 2003.
- Det var meir vanleg at ungdomane var heime om kveldane i 2013 enn i 2003.
- 2013-responentane hjalp til i heimen i større grad enn 2003-responentane.
- I 2013 hadde ungdomane eit betre forhold til sine foreldre enn i 2003.
- I 2003 var 9 prosent av respondentane røykarar. I 2013 var det tilsvarande talet 2 prosent.
- I 2003-undersøkinga svara 67 prosent at dei ikkje brukte snus og aldri hadde gjort det. I 2013 svara 90 prosent av voldaelevane dette, og 80 prosent av ørstaelevane.
- I 2003 var det 47 prosent som svara at dei aldri hadde drukke alkohol. I 2013 var det 56 prosent som svara dette.
- Andelen fråhaldsfolk mellom foreldra til respondentane var klart høgare i 2013 enn i 2003.
- I 2003 hadde 14 prosent av respondentane fått tilbod om kjøp av cannabis. I 2013 var det 6 prosent.
- "Problemåtferd" var mindre utbreidd mellom 2013-responentane enn mellom 2003-responentane.